



Knut Ove Mellingen
Mjåtveitflaten 28
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2410 - 18/29444

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
27.09.2018

Utsleppsløyve for bustad - gbnr 64/5 Myksvoll øvre

Administrativt vedtak: **Saknr: 520/18**

Byggestad: Gbnr: 64/5 Lurevegen 967
Tiltakshavar: Knut Ove Mellingen
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for minireinseanlegg på gbnr 64/5.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac, før utsleppet vert ført vidare til lukka jordbruksgrøft.

Storleiken til utsleppet er opplyst til å vera 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.08.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Sakshandsamingsfristen er 6 veker, altså 21.09.218.

Overskriding av sakshandsamingsfristen i denne typen saker fører ikkje til redusert gebyr.

Planstatus

Eigedomen ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Dispensasjon

Det nye reinseanlegget ligg på LNF-området. Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Vi legg til grunn brev frå departementet om avklaring kring forholdet til LNF og strandsone. Lindås kommune har praktisert at dersom eigedomen har eit avløpsanlegg i dag, krev vi ikkje ny dispensasjon sjølv om det vert søkt om ny/oppgradert avløpsløyving med ny plassering.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 10.08.2018.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac 5 N. Anlegget er godkjent etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 10.08.2018.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 64/5 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac med før utsleppet vert ført vidare til lukka jordbruksgrøft.**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe .**
- 3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ei kvar tid.**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
- 5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak gjort av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2410.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knut Ove Mellingen
Lindås Rør & Sanitær AS

Mjåtveitflaten 28 5918
Burkhovdane 1 5914

FREKHAUG
ISDALSTØ

Mottakrar:

Knut Ove Mellingen
Lindås Rør & Sanitær AS

Mjåtveitflaten 28 5918
Burkhovdane 1 5914

FREKHAUG
ISDALSTØ